



Arkivsak 201009542-1
Arkivnr. 523
Saksh. Lisen Ringdal Strøm, Janne

HØRING NOU 2009:22 ”DET DU GJØR, GJØR DET HELT. INNSTILLING FRA UTVALG FOR BEDRE SAMORDNING AV TJENESTER FOR UTSATTE BARN OG UNGE”

SAMANDRAG

I NOU:2009:22 har det oppnemnde utvalet hatt eit mandat til å fremje forslag som skal sikre utsette barn og unge betre tenester. Frist for høyringsuttale er 1. september. Målet ved betre samordning og koordinering av tenester for denne gruppa, er å gi eit meir heilskapleg tilbod.

Saka er administrativt handsama i Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune.

Spesialpedagogisk samarbeidsgruppe ved Opplæringsavdelinga som består av representant frå Seksjon drift og utvikling, Pedagogisk seksjon, Fagopplæringskontoret og OT/PPT har saman vurdert innstillinga. Vi har tatt stilling til dei punkta i høyringa som råkar fylkeskommunen sine oppgåver og ansvar. Opplæringsdirektøren har derfor særleg vektlagt følgjande forslag i innstillinga frå utval for betre samordning av tenester for utsette barn og unge:

Forslag 6.2.4: Opplæringsdirektøren støttar at Individuell Plan (IP) skal forankras i Opplæringslova og Barnehageloven.

*Forslag 6.2.3 :*Opplæringsdirektøren støttar ikkje at Oppfølgingstenesta i fylket kan vere ein aktør som har ansvar for IP.

Forslag 6.3.1 : Opplæringsdirektøren støttar forslag om styrking av det eksisterande tilbodet til psykisk helsehjelp til barn og unge.

Forslag 6.5.6 Opplæringsdirektøren støttar eit lovpålagt samarbeid mellom barnevern og helseføretaka som skal sikre omsorgstilbod med tverrfagleg behandling.

Forslag 6.10 Opplæringsdirektøren støttar forslag om enklare prosedyrar for tilvising til det psykiske helsevernet for barn og unge.

Generelt sett har Opplæringsdirektøren gitt tilbakemelding om manglande vektlegging av fylkeskommunen sitt ansvar for elevar etter Opplæringslova § 13-2.

Høring – NOU 2009:22 Det du gjør, gjør det helt

Spesialpedagogisk samarbeidsgruppe ved Opplæringsavdelinga som består av representant frå Seksjon drift og utvikling, Pedagogisk, Fagopplæringskontoret og OT/PPT har saman vurdert innstillinga og har følgjande merknader:

Manglande vektlegging av fylkeskommunen sitt ansvar jf Opplæringslova § 13-2

Fylkeskommunen har etter Opplæringslova § 13-2 ansvar for opplæring for barn og unge i sosiale og medisinske institusjonar. Dette gjeld uavhengig av barnets alder. Ansvar er både juridisk og økonomisk. Barn og unge som har vore plassert i institusjonar etter lov om barnevernstenester har generelt lågare utdanning enn befolkninga elles. Vi veit også at dei ofte kjem skeivt ut seinare i livet med omsyn til arbeid. Mange som har vore innunder barnevernet blir tidleg uføretrygda. Berre 34 % av barnevernsbarn har utdanning utover vidaregåande opplæring, i forhold til 80 % av dei som ikkje har vore i kontakt med barnevernet. Fleire er arbeidsledige og mottar sosialhjelp. Dei har lågare inntekt og dårlegare helse enn andre. (*NOVA rapport 3/2008: Barneverns klienter i Norge 1990-2005: En longitudinell studie, Statistisk Sentralbyrå (SSB)*).

Generelt sett meiner vi at fylkeskommunen si rolle i høve desse barna bør vektleggjast ved samordning av tenester for barn og unge. Det er også vår erfaring at barnevernet og psykiatrien i for liten grad vektlegg denne gruppa trong for utdanning når dei skal gje eleven behandling eller omsorgstilbod. Vår erfaring er at barnevernet hyppig flyttar på barn som er i skole, noko som inneber brot i utdanninga. Ofte blir ikkje fylkeskommunen og skoleeigar varsla om at eleven blir flytta i institusjon, ut av institusjon eller mellom institusjonar. Fylkeskommunen sitt ansvar er lite kjent både i barnevernet, kommunalt og statleg, og særleg i grunnskolen. Dette inneber at fylkeskommunen generelt slit med å få oversyn over elevane.

Ved ei samordning av tenester for utsette barn og unge er det viktig at fylkeskommunen med sitt ansvar etter Opplæringslova § 13-2 blir ein aktør som blir innlemma i høve eit forpliktande samarbeid med både barnevern og psykiatri. Det er vår vurdering at dette aspektet ikkje kjem fram i NOU: 22. Det er også vår vurdering at om ein skal lukkast med å betre tilbodet til denne gruppa må ein i større grad leggje vekt på utdanning.

Kommentarar til utvalet sitt forslag

I forslag 6.2.4 blir det foreslått at Individuell Plan (IP) skal forankras i Opplæringslova og Barnehageloven. I høve elevar med spesielle tilretteleggingsbehov er det allereie i desse lovene reglar om Individuell Opplæringsplan (IOP). Vår vurdering er at det må vere ein samheng mellom IP og IOP. For elevar som har IOP må denne sjåast i samheng med IP. På den måten kan tilbodet som blir gitt i førskolealder og i grunnskole verta ein del at IP. Det er vår vurdering at ein på den måten betre kan få ein samheng mellom eleven si utdanning, omsorgstilbod og behandling.

Vi støttar at det blir ein lovfesta rett til ein personleg koordinator. Det er fylkeskommunen si vurdering at dette ansvaret må vere på kommunalt nivå. På den måten har den einskilde ein aktør som kan halde oversyn over eleven sine behov i høve utdanning, omsorg og behandling. For å sikre den einskilde god nok oppfølging må det vere eit avgrensa tal på saker hjå den einskilde sakshandsamar.

Det blir i *forslag 6.2.3* foreslått at Oppfølgingstenesta i fylket kan vere ein aktør som har ansvar for IP. Oppfølgingstenesta jf Opplæringslova § 3-6 og forskrift § 13-1 -13-2 har eit oppdrag som er tidsavgrensa i høve opplæringsrett i vidaregåande opplæring. Ansvar for IP må leggjast til ein etat som har ansvar for eleven over eit mykje lengre tidsperspektiv. Kommunen (helse- og sosiale tenester) har eit meir altomfattande ansvar for barn/unge som strekkjer seg over lengre tid. Kontinuitet er viktig for eit godt resultat i denne typen saker. Oppfølgingstenesta sitt ansvar er tidsavgrensa og knytt til ungdomsretten/retten til vg. opplæring og ungdom som ikkje nyttiggjer seg denne.

Opplæringsavdelinga stiller seg positiv til at det vert oppnemnd personleg koordinator i samband med utarbeiding av individuell plan, men ser ikkje at det er formålstenleg at Oppfølgingstenesta skal ha denne rolla.

I forslag 6.3.1 kjem det fram at utvalet vil styrke det eksisterande tilbodet til psykisk helsehjelp til barn og unge. Dette er eit forslag fylkeskommunen støttar. Det er også vår vurdering at tilbodet for elevar i vidaregåande opplæring ikkje er godt nok, og at ein bør støtte denne tenesta i større grad for dei eldste i målgruppa. Resultatet av manglande oppfølging i desse åra inneber at ein fell frå i vidaregåande opplæring. Ei styrking av psykiatritenesta for ungdom kan vere med på å førebyggje fråfallet i vidaregåande opplæring.

I forslag 6.5.6 blir det foreslått tilrettelagte omsorgstilbod med tverrfagleg behandling, og eit lovpålagt samarbeid mellom barnevern og helseføretaka. Det er vår erfaring at mange av dei elevane vi har som er plassert i barnevernsinstitusjonar har store vanskar som treng behandling i psykiatrien. Vanskane gjer det vanskeleg å gje elevane den opplæringa dei treng for å klare seg betre i samfunnet. Vi vil støtte at det blir oppretta institusjonar kor ein betre kan gje elevane eit heilskapleg tilbod med god omsorg, naudsynt behandling og opplæring. Fylkeskommunen støttar forslaget på alle punkt.

I Forslag 6.10 blir det foreslått enklare prosedyrar for tilvising til det psykiske helsevern for barn og unge. Opplæringsavdelinga stiller seg positiv til forslaget om at PPT får tilvisingsrett til det psykiske helsevernet for barn og unge. Dette vil kunne medføre eit betre samarbeid mellom behandlingssapparatet og skulen, noko som kan sikre ei betre tilpassing av skuletilbodet til utsette barn og unge.

Svein-Erik Fjeld

Inger Øvsthus Tønder